

Kvifor vel unge kriminalitet?

I Oslo, der det bur 717 710 unike mennesker, ser ein at kriminaliteten vokser og forbryterne blir yngre. Med verdien om at ingen er født onde, korleis blir då nokon kriminell?

– Oslo er veldig delt. Dei sønnen min på 15, på Årvold, heng med er ekstremt streigte. Om du flytter deg 100 meter øst eller vest, ser ein eit mykje meir belasta miljø.

Øyvind Mettenes er rådgiver på den største og mest mangfoldige vidaregåande skulen i Oslo. Som ein berørt i saken, er han vitne til ungdommer som daglig tar eit val om den usikre framtida. Med mykje på hjerte brette han ut om kunnskapen og observasjonane han har gjort som både lærar og bakgrunn med 10år som utekontakt.



Oslos største vgs, Kuben. Byline: Ragnhild Nyhammer

Ulik start, ulik veg

– Når barna spelar fotball kan ein sjå ei side der alle barna har minst ein forelder med seg. På det andre laget, Tøyen, var det berre ei bestemor og barna spelte i vintersko.

Oslo er delt inn i ulike bydelar der dei økonomiske forskjellane følgjer med.

Det er stor materiell standard som skiller menneska i Oslo. Det fører med seg store ulemper for dei yngre som vokser opp i fattigdom. Dette gjer at dei i seinare alder har lettare for kriminalitet, med dei sosiale og økonomiske forskjellane som provoserer.

Trygghet til utenforskap

– Hadde en kompis som søkte spenning og lommepenger når vi var 13år gamle, han endte i fengsel

På toppen av Ensjøtunet omsorg sitter Yury Zelentsov, lederen av frelsersarmeen fengselsarbeid. I den kvite uniformsskjorta forteller han historier, tiltak og viktige årsaker.

– Har man sterk kjernefamilie kan man gå ut i verden, prøve ting, og fortsatt ha en familie å falle tilbake på. Har man ikke det, er man helt alene. Om man finner støtten i et kriminalmiljø, havner man der

Når ein vokser opp er familien ein av hovudkjernene. Det å ha gode rollemodellar eller nokon å sjå opp til er kjempe viktig, for at ein skal havne på rett spor. For mange er familien ein trygg plass ein reise til og kaller heime, om det så er ofte eller berre til jul. For nokon er det ikkje slik. Om ein vokser opp i ein dysfunksjonell familie blir den tryggheten tatt vekk. Om det er vold i nære relasjonar, omsorgssvikt eller mangel på positive rollemodeller er ikkje lenger heime ein fungerande hovudkjerne, men vegen til kriminalitet.

– Alle kommer til verden på samme måte, det skjer noe i oppveksten, som et vendepunkt. Vi hjelper dem å finne ut hvor det kom ifra

Zelentsov forteller om Frelsesarmeen fengselsarbeid, men ligger vekt på at dei ikkje driv med terapi eller er psykologer, dei er rett og slett medmennesker. I lag med 12 andre bruker han arbeidsdagen sin på å snakke med innsatte i fengsel, for å gje dei ein bedre kvardag. Noko dei fokuserer på med unge er å hjelpe dei å skape identitet i oppvekstfasen, finne ut kven dei er uten kriminalitet.



Yury Zelentsov. Byline: Ragnhild Nyhammer

Behov om tilhørighet

Eit samfunn er noko av det viktigaste menneske treng for å overleve. Om nokon føler seg utanfor dette fellesskapet, at ein ikkje blir sett, høyrst eller tatt på alvor, blir dette fort underliggjande faktorar for kriminalitet.

– Dei har ikkje skulen som ein mestringsarena og søker mestringsfølelse ein annan plass, seier Øyvind Mettenes, rådgjevar på kubens vgs

Om ein ikkje mestrar skulen, ikkje finn tilhørighet og vennane dine driv med kriminalitet, blir det nesten umogleg å unnsleppe. Menneske treng å føle seg nytting, dei treng å kjenne på ein mestringsfølelse, uansett kor den ligg. Om det er skryt av foreldre fordi du fekk god karakter på ein prøve, eller om det er kompisane dine fordi du stjal godteri på Rema. Du føler deg sett, høyrst og tatt på alvor og ein kjenner på ein ny følelse ein skulle fått ein annan plass.

Metoderapport:

Problemstillingen: Ulike årsaker til at unge hamnar inn i kriminalitet

I nyhetsreportasjen har eg fysisk intervjuet begge intervjuobjektene Yury Zelentsov og Øyvind Mettenes. Det er også brukt observasjonar av intervjuobjektene i tillegg til det dei sjølv har observert.

Kildebruk: Begge kildene er politilige, dei har mykje fagkunnskap og jobber nært på temaet. Siden Yury Zelentsov jobbar med å snakke med innsatte kvar dag, kan ein seie at han er ein

berørt kilde. Han er også leder som vil gjere han ein ekspertkilde, vitne og ansvarlig. Siden Øyvind Mettenes jobbar på ein skule, kjem han tett på elevane som held på å bli eller allerede er involvert i kriminalitet, utenfor fengselet. Han er då ein berør kilde. I tillegg har han jobba som utekontakt i 10 år, som gjer han ein ekspertkilde og eit vitne i denne reportasjen.

Utfordringer: Ein problemstilling som oppstod var at det tok tid før den andre kilden var på plass. Eg sendte mail til ulike organisasjonar for å finne den andre muntlige kilden. På fredag sendte Yury mail om eg kunne treffast, og problemstillingen blei løyst.